

Bestandsplan frå Haugland ikkje godkjend

25.06.2009

I tråd med rådmannens innstilling vart framlegget til bestandsplan frå Haugland jaktvald ikkje godkjend av forvaltningskomiteen fordi den ikkje er i tråd med den kommunale målsetjingen. Når det er skjedd, kan den godkjennast av administrasjonen som har fullmakt til den vidare handsaminga. Vedtaket var samrøystes.

Vilkåra for godkjenning er at andelen kalv og ungdyr i avskytingsavtalen blir endra i tråd med målsetjing vedteke av komiteen i fjor og at jaktvaldet deltek i arbeidet med ein felles bestandplan og målsetjing for hjorteforvaltningen i Uskedalen.

Administrasjonen viste mellom anna til at ein endring av minstearealet vil føre til ein monaleg auke i løyver for jaktvaldet. Ei slik endring fekk samrøystes tilslutning i komiteen.

Hvis vedtaket går igjennom blir minstearealet 350 dekar for heile kommunen medan den no er 400 dekar nord for fjorden og 500 dekar i resten av kommunen.

Dette vedtaket leggjast no ut på høyring med frist til 5. august for å komme med merknadar.

Av Ola Matti Mathisen